



Arkivsak

26/10344-1

Sakshandsamar

Inger Elisabeth Borge

Saksgang

Fylkeskommunalt eldreråd

Fylkeskommunalt råd for personer med

funksjonsnedsettelse

Telemark ungdomsråd

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse

og tannhelse

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

19.05.2026

20.05.2026

22.05.2026

27.05.2026

10.06.2026

18.06.2026

Sluttrapport Forsterket innsats og samarbeid om inkludering

Innstilling frå fylkesdirektøren

Rapporteringa på *Forsterket innsats og samarbeid om inkludering* blir teken til orientering.

Bakgrunn og saksgang

I april 2022 vedtok fylkestinget å lyse ut ei tilskotsordning til *Forsterka innsats og samarbeid om inkludering* (sak 28/22 vedtakspunkt 4). Den opphavlege ramma var på 21,5 millionar kroner over ein fireårsperiode, der inntil 750 000 kroner pr. år vart innvilga til regional oppfølging. Fylkestinget auka den økonomiske ramma først til 36,5 millionar kroner (sak 40/22 årsrekneskap-resultatvurdering), deretter auka Hovudutval for utdanning og kompetanse (sak 49/22) med ytterlegare seks millionar kroner. Dette resulterte i netto tilskotsmidlar på 39,5 millionar kroner og tre millionar kroner til regional oppfølging for fireårsperioden. Totalt 42,5 millionar kroner.

Midlane vart kunngjort våren 2022 og Hovudutval for utdanning og kompetanse vedtok tildelinga i september 2022 (sak 49/22).

Vestfold og Telemark fylkeskommune vart avvikla 31.desember 2023. Oppfølginga av tiltaka er fordelt etter geografisk tilhørseil. Telemark fylkeskommune følgjer derfor opp 14 tiltak.

Midlane vart gitt over ein fireårsperiode (2022 – 2025).

Fylkesdirektøren har levert årlege saker som har vore todelt og inneheldt både ei rapportering på aktivitetar og resultat frå arbeidet i tiltaka, og ein presentasjon av tal og utviklingstrekk, samt kjenneteikn ved dei som er utanfor arbeid og utdanning. Så òg i år. Saka inneheld:

1. Ein sluttrapport for alle tiltaka i *Forsterket innsats og samarbeid om inkludering*.
2. Ein presentasjon av oppdatert statistikk og utviklingstrekk for unge utanfor arbeid og utdanning i Telemark

Saka blir lagt fram for Y-nemnda og Telemark ungdomsråd for uttale. Vidare får Hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse moglegheit for uttale. Fylkesutvalet gir innstilling til fylkesting som gjer endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar

Del 1. Samla sluttrapport for alle tiltaka

Alle dei 14 tiltaka i *Forsterket innsats og samarbeid om inkludering* (heretter FI) har rapportert årleg på aktivitet og måloppnåing. Fylkesdirektøren har årleg utarbeidd ein samla rapport med oppsummering frå kvart enkelt tiltak som har blitt lagt fram til politisk orientering. I år, ved slutten av tilskotsordninga, har direktøren laga ein sluttrapport som på ein lettfatteleg, kortfatta og oversiktleg måte presenterer dei 14 tiltaka. Denne er meint som ein “katalog” over erfaringane og kunnskapen som er opparbeidd gjennom dette arbeidet. Rapporten ligg vedlagt denne saka. Målet med rapporten er å spreie kunnskapen som er utvikla.

I arbeidet har det vore eit hovudfokus å utvikle **varige** tiltak og arbeidsmåtar. Alle tiltaka har definert varige endringar og justeringar av praksis som kjem til å bli med i framhaldet. Mange av tiltaka er allereie integrerte i ordinær drift, eller blir planlagde ført vidare innanfor eksisterande rammer. Tiltaka går dermed frå å vere tidsavgrensa prosjekt til varige arbeidsformer, ofte utan behov for nye midlar, men gjennom justeringar i arbeidsmåte eller organisering, tydelegare prioriteringar og bruk av etablerte strukturar (årshjul, faste team, møteplassar).

Suksessfaktorar for å lykkast med å skape varige endringar, er ifølgje denne rapporten, fast og forankra samarbeid, at elev- og deltakarstemma blir teken systematisk med i oppfølging og utvikling, og dessutan at kompetanseheving, eigenevaluering og erfaringsutveksling er sett i system.


Del 2. Unge som er langvarig utanfor arbeid og utdanning – oppdaterte tal og utviklingstrekk

Telemark er det fylket med tredje høgaste andel unge utanfor utdanning og arbeidsliv i landet, såkalla NEET (Not in Education, Employment or Training). I 2024 var 11 % av befolkninga mellom 15-29 år utanfor arbeid og utdanning (målt på eit gitt tidspunkt kvart år). Nesten 400 av desse var registeret arbeidsledige, 940 fekk arbeidsavklaringspengar eller uføretrygd, medan ca. 1900 var registrert i kategorien «anna». Andelen har gått ned frå 14 % i 2015.¹

NEET-gruppa er ei mangfaldig gruppe der det er mykje rørsle inn og ut. Mange har berre eit mellombels opphald utanfor arbeid og utdanning. I arbeidet med å skreddarsy tiltak for auka inkludering kan det derfor vere meningsfullt å følgje dei som er langvarig utanfor arbeid og utdanning. Følgjer vi dei som står utanfor frå eitt år til eit anna, viser figuren under at mange er tilbake i arbeid eller utdanning året etter. Dei siste åra har omtrent 6 % halde fram med å vere

¹ [SSB tabell 13563](#)

utanfor arbeid og utdanning to år på rad. Desse andelane har endra seg lite i perioden 2020 – 2024.



Sjølv om 3350 unge telemarkingar stod utanfor arbeid og utdanning i 2023, er det dei 1870 personane som også stod utanfor i 2024, og dermed var langvarig utanfor, ein aktivt ønskjer å inkludere i arbeid og utdanning. Denne gruppa inkluderer også personar med innvilga uføretrygd på grunn av diagnoser som gjer det lite realistisk at dei vil vere del av framtidig utdanning og arbeidsliv. Talet kan derfor ytterlegare reduserast til i underkant av 1800 personar, eit konservativt anslag basert på ei diagnoseoversikt frå NAV.²

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Dette er ei rapporteringssak på ei avslutta tilskotsordning og har difor inga økonomiske eller juridiske konsekvensar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål

Arbeidet som er omtalt i denne saka bidreg positivt innanfor FNs berekraftsmål 1 Utrydda fattigdom, 3 God helse og livskvalitet, 4 God utdanning, 5 Likestilling mellom kjønna, 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst, 10 Mindre ulikskap, 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn og 17 Samarbeid for å nå måla. Særleg mål 17 er relevant i denne saka. Gjenstridige problem, som utanforskapfloka, kan berre løysast ved samarbeid på tvers av organisatoriske grenser, forvaltningsområde og hierarkiske nivå. Ved slikt samarbeid kan innsats og gevinst blir mangedobla.

Fylkesdirektørens vurdering

Den store satsinga til fylkestinget på inkludering og førebygging av utanforskap har gitt resultat. Resultata har først og fremst vist seg i ny kunnskap, nye erfaringar, nye samarbeidsrelasjonar og nye arbeidsmåtar. Vidare har det også vore resultat i form av fleire unge som er inkluderte i arbeid, utdanning og sivilsamfunn. Dette siste er likevel ikkje direkte målbart, då utanforscapsproblematikken er ein svært samansett floke.

Talmaterialet viser at omfanget av unge som står utanfor arbeid og utdanning i Telemark er ganske stabilt, både dei som er utanfor på eit gitt tidspunkt, og dei som er langvarige utanfor.

² [Diagnoser uføretrygd](#)

Årsakane til utanforskapen er kompleks. Inkludering i arbeid og utdanning blir påverka av mange faktorar, på både individ- og samfunnsnivå, og det er vanskeleg å måle effekten av ei tiltaksordning, fordi mange andre faktorar påverkar samtidig.

Sidan utanforskap er ein samansett samfunnsfloke, krev ho koordinert og heilskapleg samarbeid. FI har vore ein viktig del av Telemark fylkeskommune si innsats for å løyse utanforskapfloka. Fylkesdirektøren vil i framhaldet gjere nytte av det som er utvikla gjennom FI. Erfaringar frå FI kan ha overføringsverdi ut over desse 14 tiltaka og fylkesdirektøren vil derfor bidra til å spreie erfaringar, resultat og metodar frå FI. 28.mai skal det arrangerast ein sluttkonferanse kor erfaringa vil spreiaast.

Mange av tiltaksseigrane har vore tydelege på at det er av avgjerande betydning at fylkeskommunen støttar opp under kommunar og organisasjonar for å utvikle nye og betre måtar å arbeide på. I ein stadig trongare økonomisk situasjon, er moglegheitsrommet som blir skapt av regional finansiering ei døropnar for å tre ut av «hamsterhjulet» og tenkje kritisk på korleis praksis er og korleis den burde vore, og dermed utvikle noko nytt. Likeins har rettleiinga, oppfølginga og kompetansehevinga frå fylkeskommunen bidrege til betre kvalitet og meir berekraftig arbeid. Følgjande to sitat frå prosjektleiare understrekar dette:

«Midlene vi har fått via Fylkeskommunen har vært av avgjørende betydning for at vi har kunnet jobbe med holdninger og med å utvikle universelle tiltak rettet mot samarbeid og inkludering. Fylkeskommunen har også stått for organisering, tilrettelegging og faglige innspill som har vært til uvurderlig støtte og hjelp i dette arbeidet.»

Trond Garborg, Kraftkollektivet

«Telemark fylkeskommunes støtte har hatt stor betydning for realiseringen av prosjektet vårt. Ikke bare gjennom bevilgning av midler, men også gjennom rollen som en aktiv og engasjert samarbeidspartner. De har bidratt med tydelige rammer knyttet opp til samarbeid, medvirkning, innovasjon, forankring og evaluering. Dette, kombinert med åpne arenaer for dialog og erfaringsdeling, har styrket prosjektets kvalitet og bidratt til en felles innsats for å inkludere barn og unge.»

Lill-Katrin Nyhus, Ungt innenforskap

Vedlegg:

Forsterket innsats og samarbeid om inkludering_Sluttrapport 2026_240426 (1)